

Credo Partners vert ny majoritetseigar i Dooria AS

(Førde, tysdag 25. mai 2010) Credo Partners går inn som majoritetseigar i Dooria AS gjennom ei kapitalutviding. Dooria er ein leiande nordisk produsent av dører med hovudkontor i Utvik.

Hovudaksjonær i Dooria, Fjord Invest Industri AS, har i dag blitt samde med Credo Partners om å gjennomføre ei kapitalutviding i Dooria på totalt NOK 60 millionar. Både Credo Partners og Fjord Invest deltek i emisjonen, og Dooria sine minoritetsaksjonærar vil bli invitert til å delta på like vilkår. Etter emisjonen vil Credo Partners kontrollere 51% av selskapet. Transaksjonen vert forventa gjennomført i etterkant av godkjenning frå norske konkurransemyndigheiter.

Dooria er ein leiande produsent av inner- og ytterdører til den nordiske marknaden med ein interessant nummer to posisjon i Noreg og Sverige. Dooria er ein fullsortimentsleverandør i ein elles fragmentert nordisk marknad. Dooria har røter tilbake til trevareverkstaden Fjordtre i Utvik, og er eit resultat av fleire samanslåingar og oppkjøp av svenske dørfabrikkar gjennom 1990- og 2000-talet. I dag har konsernet fem fabrikkar, ein i Utvik og ein i Årdal samt tre i Sverige. Selskapet har 316 tilsette, og omsette i 2009 for NOK 477 millionar, fordelt med om lag 60% i Sverige, 30% i Noreg og 10% i andre nordeuropeiske land.

- Byggevarerbransjen er inne i ein svært utfordrande konjunkturfase som også har påverka Dooria sine resultat negativt. Med ein sterk produktportefølje og ein interessant marknadsposisjon ser vi moglegheiter for at Dooria med sin nye finansielle kapasitet har eit godt utgangspunkt for vidare vekst og betra lønsemd, seier Jon Bjørstad, Senior Partner i Credo Partners, som legg til at målet er å gjere Dooria til ein styrka og leiande aktør innan sin marknad i Skandinavia.

- Vi er sær s n ø g d e med å få Credo Partners med på eigarsida. Med Dooria sin dørkunnskap og Credo Partners sin kompetanse på drift og verdiskaping bør Dooria ha gode føresetnader for lønsemd og vekst framover legg styreleiar i Dooria, Roger Flølo til.

- Konjunkturedgangen pregar situasjonen til mange av aktørane i byggevarerbransjen, og bransjen vil møte store utfordringar også i tida som kjem. Fjord Invest Industri ser positivt på at Credo Partners saman med oss ønskjer å styrke Dooria finansielt. I Credo Partners har vi funne ein samarbeidspartnar som ønskjer å arbeide aktivt saman med oss for å styrke Dooria sin posisjon i den nordiske marknaden, seier Aud Ingrid Espeland som er dagleg leiar i Fjord Invest Industri.

Credo Partners er eit norsk investerings- og rådgjevingsselskap med fokus på verdiskaping gjennom betring av lønsemd, driftseffektiviseringar og auka strategisk fokus. Credo Partners har omfattande erfaring frå leiing i norsk og internasjonalt næringsliv, og er spesialistar på betring av lønsemd i bedrifter med stort utviklingspotensial. Credo Partners sine andre porteføljeselskap er Variér Furniture og Fora Form.

Fjord Invest Industri AS er eit holdingselskap som blant anna er eigd av Fjord Invest AS, Utvik Energi AS og Stiftelsen for Årdalsfondet. Selskapet er oppretta for å samle eigarpostar i dørprodusenten Dooria AS, og har vore medeigar i Dooria sidan 2003. Fjord Invest Industri vert forvalta av Fjord Invest Management. Fjord Invest Management held til i Førde, og forvaltar om lag NOK 400 millionar fordelt på fire fond som investerer i små- og mellomstore vekstbedrifter på sør- og vestlandet.

For ytterligare informasjon, vennligast kontakt:

Credo Partners AS
Jon Bjørstad
Senior Partner
+47 90 78 24 78

Dooria AS
Roger Flølo
Styreleiar
+47 99 73 78 00

Fjord Invest Industri AS
Aud Ingrid Espeland
Dagleg leiar
+47 91 33 57 24